

**FINNØY KOMMUNE**

Etat for oppvekst kultur og omsorg (OKO-etat)

Det kongelige arbeids- og sosialdepartement  
Pb. 8019 Dep.

0030 OSLO

|                                 |                   |
|---------------------------------|-------------------|
| Arbeids- og sosialdepartementet |                   |
| Saksnr.:<br>200503121           | Dok.nr.:<br>7     |
| Arkivkode:<br>416.0             | Dato:<br>12.10.05 |
| Avd.:<br>DEAO / SAP             | Saksbeh.:         |
| U.off.:                         |                   |

Dykkar ref.:

Vår ref.: 04/997-4

Arkiv: K2-X02,  
K3-&13

Dato: 05.10.2005

**PENSJON- OG TRYGDEORDNINGER. SAMORDNING AV AETATS,  
TRYGDEETATENS OG SOSIALTJENESTENS OPPGAVER.**

Vi viser til brev datert 08.08.2005.  
Her følger saksutgreiinga med vedtak:

**FINNØY KOMMUNE****SAKSPAPIR**

| Styre, komite, utval            | Møtedato                             | Saknr                    | Sbh |
|---------------------------------|--------------------------------------|--------------------------|-----|
| Formannskapet                   | 26.09.05                             | 124/05                   | REV |
| Saksansvarleg<br>Reidulf Vignes | Arkiv: K2-X02, K3-<br>&13<br>Objekt: | Arkivsaknr<br>2004000997 |     |

**PENSJON- OG TRYGDEORDNINGER. SAMORDNING AV AETATS,  
TRYGDEETATENS OG SOSIALTJENESTENS OPPGAVER.****Dokumentliste:**

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottakar                           | Tittel                                                         |
|----|---|----------|---------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|
| 1  | I | 08.07.04 | Sosialdepartementet                         | HØRING AV NOU 2004: 13: EN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING  |
| 2  | I | 08.08.05 | Det kongelige arbeids- og sosialdepartement | FORSLAG TIL NY LOV OM ARBEIDS- OG VELFERDFORVALNINGEN - HØRING |

**Saksutgreiing:**

Dette høyringsdokumentet som kjem fram i nr. 2 har ei høyringsfrist til måndag den 14.november.

Både NOU nr. 13 i 2004 og forlag til ny lov om arbeids og velferdsforvaltning har som intensjon ei samlokalisering av nåverande trygdekontor, a-etat og sosialteneste. Som i dag er det intensjonen i lova at kommunane skal ha ansvar for sosialtenesta og at staten skal ha ansvar for trygdeytingar og arbeidsmarknadstiltak. Dette er som før.

|                                               |                   |                                |
|-----------------------------------------------|-------------------|--------------------------------|
| Finøy Kommune                                 | Tlf.: 51 71 47 00 | Bankgiro: 3347 07 00195        |
| Etat for oppvekst kultur og omsorg (OKO-etat) | Dir.: 51714730    | Org.nummer: 938633029          |
| 4160 Finnøy                                   | Faks: 51714701    | E-post: post@finnøy.kommune.no |
|                                               |                   | Heimeside: www.finnøy.no       |

Det nye i høyringa er at desse tre nåverande etatane som stort sett har fungert som sjølvstendige einingar skal integrerast i eit felles kontormiljø slik at dei kan overlappe kvarandre med kompetanse og i noko mon med felles rådgjeving til klientane/brukarane. Dei nåverande etatane skal avviklast.

Det skal opprettast eit felles førstelinjetenestekontor i kvar kommune der den nåverande trygdeforvaltninga, a-etat og kommunen si sosialteneste vert integrert. Hovudmålet for reforma er:

- Å få fleire i arbeid og færre på stønad
- Gjere det enklare for brukarane og tilpasse tenestene til brukarane sitt behov.
- Få til ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

Når det gjeld brukarane sitt forhold til dette førstelinjekontoret i staden for den tredelte forvaltninga vi har i dag, skal dette baserast på eit forpliktande samarbeid mellom stat og kommune nedfelt i lokale samarbeidsavtalar.

**Samarbeidsavtalar og samlokalisering skal ha ei lovmessig forankring for både stat og kommune.**

I lovverket vil det kome fram endringar som tilrettelegg for effektivt samarbeid på ein slik måte at personvern og teiplikt vert ivaretatt. Dette medfører lovjusteringar innafor desse områda.

#### **Vurdering:**

Rådmann har ingen kritiske merknader til det utsendte høyringsnotatet. Ein ser denne reforma som eit viktig skritt i arbeidet for å gjere sakshandsaminga enklast mogeleg i saker der dei nemnde forvaltningsgreinene er involverte. Likeeins vil brukarane ved frammøte på eit kontor for å få kompetent hjelp både innan trygd, arbeidstiltak og sosialteneste på ein stad.

For Finnøy kommune vil konsekvensen av ei slik samlokalisering vere at ein må bygge nytt tilbygg til rådhuset eller å flytte sosialtenesta ut av rådhuset. Med tanke på at alle dei nåverande tenestegreinene i vår kommune er svært små, at ingen har passande kontor der alle kan halde fram, og ikkje minst at det er eit svært stort behov for å knytte eit slikt kontor til våre fellestenester i servisetorget, bør dette munne ut i at det vert vurdert ei utbygging av rådhuset. Ei slik samlokalisering vil også kunne gje nokre leigeinntekter til kommunen.

#### **ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:**


Finnøy formannskap har ikkje negative merknader til den framlagde høyringa, og håpar at intensjonen med forenkling og betra tilbod til brukarane vil lukkast gjennom denne reforma.

#### **FSK-124/05 VEDTAK 26.09.2005:**

Samrøystes som innstillinga.

Dette vedtak kan etter Forvaltningsloven §28 klagast på innan 3 (tre) veker frå vedtaket har kommen fram. Klagen må vere grunna og skal setjast fram for den instans som har fatta vedtaket.

Med helsing

  
Reidulf Vignes  
kommunalsjef